

Eit ungdomslag med mange gode tiltak

06.03.2016



Leiar i Uskedal ungdomslag, Rigmor Rasmussen i midten, saman med styremedlemene Hildegunn Klette Hansen og Janne Yri

**Årsmøte i Uskedal ungdomslag i kveld samla ikkje så mange, men laget kan syna til god drift i 2015. Det føreligg planar for tilsyn og drift av Helgheim og lagshytta Fjelly.  
Rigmor Rasmussen held fram som leiar. Med seg i styret har ho: Loviser Herland Sunde, Hildegunn Klette Hansen, Knut Johannes Ripel, Janne Yri og Anette Sund.**

Laget er gjeldfri og har pr. 03.03. 2016 kr. 179.000,- på konto. Viktige utbetringstiltak på Helgheim er: Tetta taklekkasje, nytt golvbelegg i kjellaren og nytt sceneljos. Det må gjerast nokre justeringar på det nye kjøkkenet. Huset treng nedvask.

I Fjelly skal det monterast nytt kjøkken, men før det må golvet forsterkast. Taket på naustet er i dårlig stand og må fornyast.

Dert vert ny haustfest 22. oktober etter same malen som i 2015,- dugnadsfest der Musikklaget, Røysterett for alle og andre med program vert inviterte med som medarrangørar.

Dersom du vil gje di støtte til ungdomslaget sitt arbeid, har du høve til å vera medlem eller støttemedlem. Giro med informasjon vert sendt ut og lagt i postkassane i desse dagar.

Tekst/foto: Kristian Bringedal  
Nett: Thor Inge Døssland